



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Oddbjørn Indregård Arkivsaknr: 2016/1221-694/2017
Arkiv: 223

Utvalsaknr	Utval	Møtedato
12/17	Næring-, teknisk- og miljøutval	15.02.2017

Saka gjeld: **GEIR HENNING HAGEN - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND**

Tilråding:

Med grunnlag i forretningsplanen vert konseptet til Geir Henning Hagen vurdert til å vere i ei fase som er tilpassa ordninga for HoppID. NTM-utvalet finn derfor ikkje å kunne gi tilsegn om tilskot frå det kommunale næringsfondet som omsøkt i denne omgong.

Særutskrift:

- Geir Henning Hagen, 6082 Gursken

Saksopplysningar og vurderingar:

Søknadsår 2016
Støtteordning Kommunalt næringsfond i Sande kommune
Tittel Etablering av serviceanlegg for anleggsmaskiner
Søker Geir Henning Hagen

Vurdering:

Søkar er Geir Henning Hagen. Han har planar om å føre opp eit verkstadbygg i industriområde i Myklebustmyrane. Det er i hovudsak reparasjons- og servicetenester innan anleggsmaskiner som vil vere hovedmarknaden, men også reparasjoner av mindre anleggsutstyr, samt mekaniske tenester som sveising, dreining, mm.

Geir Henning Hagen har organisert aktiviteten sin i eit enkeltmannsforetak. Foretaket har forretningsadresse Gursken.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
01.Prosjektkostnader	100 000					100 000
02.Opparbeiding tomteareal og vegføring/uteområde	100 000					100 000
03.Montering/utstyr etc.	100 000					100 000
Sum kostnad	300 000					300 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	150 000					150 000
02.Lån i bank						
03.Egenkapital	150 000					150 000
04.Eget arbeid						
05.Andre finansieringskilder						
Sum finansiering	300 000					300 000

I kva grad kostnadsplanen er basert på innhenta pristilbod e.l. er ukjent. Erfaringsmessig vert det vist til at kostander knytt til opparbeiding av tomt og oppføring av verkstadbygg er relativt store investeringar. Søkar bør prøve å få noko meir dokumentasjon rundt kostnader i form av innhenting av pristilbod, e.l.

Søkar har arbeidd med mekanisk arbeid i heile si yrkeskarriere. Han har med dette mykje kunnskap og erfaring innan vedlikehald, reparasjonar og utbetringar av mekanisk utstyr/innretningar.

Søkar har fagbrev som anleggsmaskinførar. I tillegg har han ei rekke kurs innan fagområdet. Med fagbrev som anleggsmaskinførar har søkar god kunnskap om anleggsmaskiner som er gravemaskin, hjullastar, anleggsdumper, doser, veghøvel og traktorgravar med tilhøyrande spesialutstyr. Det ligg også til ein maskinførar av slikt utstyr å gjere daglig vedlikehald på dei maskintypene han til ei kvar tid opererer.

Søkar har opplyst at han ikkje har fagbrev som anleggsmaskinmekanikar. Søkar vil imidlertid starte opp på denne utdanninga. Vanlige arbeidsoppgåver for ein anleggsmaskinmekanikar er feilsøking på anleggsmaskiner, samt reparaasjon og vedlikehald av anleggsmaskiner. Slike fagbrev er som oftast formalkrav til ulike godkjeningsordningar for å drive slike type verksemd – om der ikkje nødvendigvis er eit absolutt myndigheitskrav, vil det som oftast vere eit kundekrav mht service- og kvalitetssystem, garantiar, osv.

Søkar har gjennom konsulenthjelp utarbeidd ein forretningsplan for verksemda. I forretningsplanen er forretningsideen, kunde, konkurranse/marknaden omtalt. I forretningsplanen vert det vist til at markanden mest trulig er bra i vårt område. Utover dette ligg der ikkje føre noko meir analyser og vurderingar av marknadspotensiale, konkurransesituasjonen ,mv. Det hadde vore ei styrke for søknaden om slike analyser/vurderingar hadde vore gjort i arbeidet med forretningsplanen.

Basert på overnemnde vert det vurdert som mest rett at søkar arbeidar vidare med konseptet gjennom eit forprosjekt, der søkar fokuserer på marknaden relatert til kva kritiske suksesskriterium som må leggest til grunn/tilfredsstillast for å lykkast med satsinga. Til orientering kan HoppID vere ei støtteordning i eit slik arbeid. Meir informasjon om HoppID-ordninga vert å sende til søkar med oppfordring om å evt. søke på denne ordninga.

Larsnes, 06.02.2017

Asle J. Giske
rådmann

Asle Giske
rådmann

